

European Social Survey (ESS)

Aldersgrupper og status i Europa


Hilde Orten og Ole-Petter Øvrebo

I ESS runde 4 brukes teori og forskningsmetoder fra sosialpsykologien til å studere sider ved folks oppfatninger av ulike aldersgrupper. Respondentene er blant annet blitt spurt om hvordan de mener folk flest vurderer den sosiale statusen til tre ulike aldersgrupper; folk i 20-årene, folk i 40-årene og folk over 70. Med sosial status menes prestisje og posisjon i samfunnet, ikke deltakelse i sosiale grupper eller aktiviteter.

Det er særlig to observasjoner som er verdt å merke seg. For det første blir folk i 40-årene vurdert til å ha den høyeste statusen. For det andre synes den relative statusvurderingen av folk over 70 å være regionalt betinget. Særlig i de østeuropeiske landene, men også i de nordiske landene, blir folk over 70 gjennomgående vurdert å ha lavere status enn de andre aldersgruppene. Norge er, interessant nok, et unntak. Norge skiller seg ut ved at de eldre har samme status som de unge. I Sør- og Sentral-Europa nyter folk over 70 høyere status enn folk i 20-årene. Kypros utmerker seg med en særlig høy statusvurdering av den eldste aldersgruppen. I Sør- og Sentral-Europa finner vi også at statusgapet mellom folk over 70 og folk i 40-årene er mindre enn for de samme aldersgruppene i Øst-Europa og Norden.

Gunhild O. Hagestad, professor i sosiologi ved Universitetet i Agder, finner mønsteret i dataene interessant. Hun presiserer imidlertid at en av erfaringene fra tidligere studier av livslopsrelaterede spørsmål er at oppfatningen av alder kan påvirkes av kjønns sammensetningen i de ulike aldersgruppene. Blant annet kan den lave statusvurderingen av eldre i Bulgaria og Russland skyldes en kombinasjon av at de har en mindre andel eldre og at de fleste eldre er kvinner. Hagestad trekker også frem Kypros som et interessant tilfelle. Her er bare 11,5 % over 65 år, men til gjengjeld er det jevn kjønnsbalanse mellom menn og kvinner i den eldre befolkningen.

Folk i 40-årene har høyest status



Kilde: European Social Survey - ess.nsd.uib.no



European Social Survey (ESS)

European Social Survey har vært gjennomført annethvert år siden 2002/2003 og dekker nå over 30 land. Den andre utgaven av datamaterialet og dokumentasjonen fra fjerde runde av ESS ble publisert den 17. desember.

Undersøkelsen inneholder to nye spørsmålsmoduler om alderdom og velferdspolitik. Det andre dataslipet inkluderer Belgia, Bulgaria, Kypros, Danmark, Estland, Finland, Frankrike, Israel, Tyskland, Nederland, Norge, Polen, Portugal, Russland, Slovakia, Slovenia, Spania, Sverige, Sveits, Storbritannia og Ungarn.

Ytterligere ti land vil ventelig bli innlemmet i den integrerte datafilen i løpet av det neste året, hvorav to, Kroatia og Litauen, deltar i ESS for første gang.

Data er fritt tilgjengelig på ess.nsd.uib.no.

NSDs Kontantstøttedatabase

Fire av ti får kontantstøtte


Trond Pedersen

Sidan innføringa av kontantstøtta i 1999, har talet på mottakarar nesten vorte halvert. Tala for 2008 syner ein nedgang på 47 prosent, frå om lag 88 000 til 46 000 i perioden 1999–2008.

Vi har sett nærare på eit par sentrale trekk ved statistikken på fylkesnivå. Utviklinga var den same i alle fylka. Dette må sjåast i samanheng med den omfattande barnehageutbygginga dei siste åra. Den relative nedgangen i Oslo var likevel ikkje så sterk som i dei andre fylka. Dette kan forklarast med at det i hovudstaden var ein tydeleg auke (19 prosent) i talet på eitt- og toåringar i same periode, noko som truleg førte til at ein del ikkje hadde fritt val mellom kontantstøtte og barnehageplass. Akershus hadde ein svak oppgang, medan talet for Rogaland var om lag uendra. Elles var det i resten av fylka ein reduksjon i talet på eitt- og toåringar.

Delen barn det vert utbetalt kontantstøtte for har gått ned. I 1999 var denne så mykje som 75 prosent (av alle eitt- og toåringar) for heile landet, medan han i 2008 var redusert til 41 prosent. Dette indikerer at om lag 60 prosent av alle eitt- og toåringar i landet hadde fulltids plass i barnehage i 2008. Ser ein på dei fylkesvise tala, finn ein noko variasjon. Sameleis som året før, ligg Oppland og Agder-fylka på topp med ein kontantstøttedel noko over 50 prosent, medan Akershus og dei to nordlegaste fylka ligg nedst med 30–32 prosent.

Ser ein på dei borna som mottok kontantstøtte i 2008, var det 77 prosent som ikkje gjekk i barnehage. Dei fleste var altså heimeverande eller hos dagmamma medan 22 prosent var mellom 17 og 32 timar pr. veke i barnehage. Det maksimale talet timar i barnehage utan å mista kontantstøtta er 32. I 1999 var det 87 prosent som ikkje hadde barnehageplass blant kontantstøtteborna. Delen med 25–32 timars barnehageplass pr.



veke viste derimot ei auke frå 4 prosent i 1999 til 14 prosent i 2008. Det ser altså ut til at barnehageutbygginga har ført til at det no blir mogeleg for fleire å ha redusert barnehageplass for sine born, framfor å ha borna heime eller hos dagmamma.

Oslo skil seg mest ut med 97 prosent kontantstøtteborn utan barnehageplass. Dessutan er dette ei auke på 2 prosentpoeng frå 1999. Dette kan skuldast at det der er vanskelegare å skaffa seg deltids plass i barnehage enn i andre fylker. Ein annan forklaring på den låge delen kontantstøtteborn med deltids plass i Oslo kan vere at delen sysselsette kvinner med fulltids jobb (30 timar eller meir per veke) er høg samanlikna med andre fylker i følge Statistisk sentralbyrå sin registerbaserte sysselsetjingsstatistikk. Delen sysselsette menn med fulltids jobb skil seg ikkje ut.

www.nsd.uib.no/kontantstotte

NSDs Kirke database

Ellen Liljedahl Stavseth

Ny portal for kirke data

NSDs Kirke database går nå over i nytt format og tar i bruk Nesstar-teknologi for å presentere data på nett. I den nye portalen presenteres kirkestatistikken på kirkelig og kommunalt nivå for perioden 1998–2008. Dataene gjøres tilgjengelig i tidsserier og årsdatasett og er klar til analyse og nedlasting.

Portalen vil i tiden fremover gjennomgå ytterligere forandringer og utvides fortløpende. Blant elementene som implementeres er:

- Søkefunksjon
- Lenking til andre relevante datakilder
- Forholdstall og indikatorer
- Ferdige rapporter, tabeller og kart

Årsstatistikken for 2008 ble rapportert til SSB våren 2009 og er nå fritt tilgjengelig i NSDs kirke database.

Nye tidsserier


Data kan studeres på en tidslinje, fremstilt både i tabeller og figurer. Dette blir ytterligere interessant når forholdstall og befolkningsstatistikk er på plass, men vi kan allerede se på noen utviklingstrender i råttallmaterialet.

Færre døpte – flere konfirmerte

Antall dåpshandlinger har i perioden 1998–2008 gått tilbake fra 48 462 i 1998 til 42 599 i 2008. Antall kirkelige vigslar viser et lignende mønster, fra 13 189 i 1998 til 10 536 i 2008. Antall konfirmerte har derimot økt fra 37 870 til 41 655. Det vil bli mulig å veie tallene opp mot henholdsvis antall fødte, inngåtte ekteskap og fjortenåringar for å gi bedre grunnlag for analyser.

Stabil gudstjenestedeltakelse

Dersom vi tar for oss den kalkulererte nøkkeltallsvariabelen ”Gjennomsnittlig gudstjenestedeltakelse på søn- og helligdager”, vil vi se at den har holdt seg stabil i perioden. Fordelingene på landsbasis for 2008 kan vises grafisk i norgeskart. Den gjennomsnittlige gudstjenestedeltakelsen er høyest i Stavanger bispedømme, etterfulgt av Oslo og Møre. Ser en på samme



variabel i den kommunale inndelingen, er det Rogaland og Vest-Agder fylke som topper, etterfulgt av Akershus, Hordaland og Møre og Romsdal. Dette skiftet i perspektiv kan være nyttig.

Disse og andre grafiske fremstillinger av kirkestatistikken kan brukeren med enkle grep få frem i Kirke databasen.


NSD er nasjonal arrangør og fagleg ansvarleg for gjennomføring av skuleval og analysar av data på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Årets skuleval er det tolvte i rekkja. Føresetnaden for eit vellukka skuleval er ein enorm arbeidsinnsats frå lærarar og elevar rundt om på skulane. NSD vil takka dei involverte aktørane.

Tala både for påmelding og deltaking var rekordhøge ved skulevalet i 2009: Av 426 påmelde skular rapporterte 416 resultat, og av 181 000 elevar var det 138 000 som røysta.



Resultat frå skulevalet i 2009

Atle Jåstad



Eit viktig kjenneteikn ved resultatane er dei små endringane sidan skulevalet i 2007. Tre parti gjorde det betre i 2009 enn i 2007: FrP gjekk fram med 2,9 prosentpoeng, Ap med 2,2 og V med 1 prosentpoeng. Tre parti gjorde det dårlegare i 2009 samanlikna med 2007: Rødt gjekk attende med 1,9 prosentpoeng, SP med 1,4 og H med 1,3 prosentpoeng. Skulevala har tradisjonelt vore prega av store skiftingar frå eitt val til det neste, og dei små endringane i 2009 er difor eit atypisk trekk.

FrP vann skulevalet. Partiet fekk flest røyster, og hadde også den største framgangen. Likevel er det den vetle skilnaden som er mest slående. Under oppteljinga bytta Ap og FrP på å leia, og fyrst når dei siste skulane rapporterte inn sine resultat i dagane etter valdagen, vart det klart at FrP smatt forbi.

Det at FrP gjer det godt i skulevalet, er ikkje uventa. Meir spesielt er det at Ap og H ser ut til å ha etablert seg som populære ungdomsparti, og at SV ikkje greier å samla oppslutnad blant dei unge, slik dei stort sett alltid har gjort før. Skulevalresultata i 2009 kan difor indikera at dei unge er i ferd med å utvikla ei valåtferd som er meir lik den me finn i folket samla.

www.samfunnsveven.no

Høgre – til høgre for FrP

Atle Jåstad

Tal frå skulevalundersøkingane viser at høgrevellarer plasserer seg sjølve lengre til høgre enn det FrP-veljarane gjer.

Ei av dei mest nytta forenklingane for å forstå og forklara det norske partisystemet, er høgre-venstre-dimensjonen. Dimensjonen er viktig fordi den handlar om dei grunnleggjande prinsippa for samfunnsstyringa, til dømes: I kva grad skal det offentlege blanda seg inn i økonomi og næringsliv? Korleis skal viktige samfunnsoppgåver løysast, og kven skal løysa dei?


Grovt forenkla er den politiske venstresida oppteken av å ha ein sterk stat og ein stor offentlig sektor. Staten og det offentlege skal sikra universelle velferdsordningar og vera ein politisk pådrivar innan økonomi og næringsliv. Høgresida er meir oppteken av å avgrensa rolla til staten, både som økonomisk aktør og garantist for offentlege velferdsordningar.

Jamvel om ikkje alle dei norske partia har sitt utspring på ein bestemt stad på denne dimensjonen, må alle partia med ein heilskapleg politikk ta stilling til slike spørsmål. Difor er det vanleg, og også nyttig, å vurderer politikken til partia opp mot denne dimensjonen. Vanlegvis plasserer ein, frå venstre mot høgre, Rødt, SV og Ap på venstresida, Sp, V og KrF i sentrum og H og FrP på høgresida. Denne rangeringa høver langt på veg saman med den partia sjølve freistar å formidla.

Ved å nytta skulevalundersøkingane, kan me undersøkje den gjennomsnittlege plasseringa til kvar veljargruppe på denne dimensjonen.

Figuren viser fleire interessante utviklingstrekk. For det fyrste er høgrevellarane konsekvent plasserte lengst til høgre. Dette tyder på at det er feil å sjå på FrP-veljaren som ein representant frå det yste høgre, der er det høgrevellarane som rår grunnen. For dei andre har venstrevellarane teke fleire steg mot høgre. Sidan 2001 har den gjennomsnittlege venstrevellararen passert veljarane til både Ap og Sp. Det er også interessant å merkja seg radikaliseringa av veljargruppa til Ap.

www.samfunnsveven.no



Redaksjon:

Bjørn Henriksen (ansv.red.)

Vigdis Kvalheim (redaktør)

Bjarne Øymyr (grafikk)

Anne M. Dueland

Katrine Utaaker Segadal

Eirik Vestrheim

Design: Crnic Design

Trykk: Molvik grafisk AS

Hovedkontor:

NSD

Harald Hårfages gate 29

5007 BERGEN

Telefon: 55 58 21 17

Telefax: 55 58 96 50

nsd@nsd.uib.no

www.nsd.uib.no

Avdelingskontorer:

NSD - Universitetet i Oslo

NSD - NTNU

NSD - Universitetet i Tromsø

ISSP 2007

Nordmenn bruker tid på idrett og kultur

Anne Katrine Mortensen

Mange nordmenn bruker av sin tid til idrett og kultur, sett i forhold til det som er vanlig i mange andre land. Når det gjelder aktiviteter i forbindelse med religiøse organisasjoner, hjelpeorganisasjoner eller politiske organisasjoner, derimot, involverer nordmenn seg i mindre grad. Dette viser nye tall fra NSDs undersøkelse om fritid og sport. Undersøkelsen ble gjennomført i 34 land av The International Social Survey Programme (ISSP) i 2007


Blant nordmenn svarte 28 % at de i løpet av det siste året deltok i aktivitetene til et idrettslag eller en kulturorganisasjon minst én gang i måneden. Dette er klart mer enn gjennomsnittet blant alle land som deltok i undersøkelsen, som ligger på 18 %.

Deltakerne ble også spurt hvor ofte i løpet av det siste året de deltok i aktivitetene til en religiøs organisasjon, en hjelpe- eller interesseorganisasjon, eller et politisk parti eller en politisk organisasjon. Her ser vi at deltakelsen blant nordmenn er lavere. Bare 14 % av de spurte svarte at de deltok i aktivitetene til en slik organisasjon minst én gang i måneden. Gjennomsnittet for alle land i undersøkelsen er 19 %.


Dette er ISSPs første undersøkelse som er viet fullt til temaet fritid og sport. Data er tilgjengelig for forskere og studenter og kan lastes ned fra nettet eller bestilles fra NSD.

Deltakelse i organisasjoner

Prosent som deltok i aktivitetene til et idrettslag eller en kulturorganisasjon minst én gang i måneden i løpet av det siste året:



Prosent som deltok i aktivitetene til en religiøs organisasjon, en hjelpe- eller interesseorganisasjon, eller et politisk parti eller en politisk organisasjon minst én gang i måneden i løpet av det siste året.



Kilde: International Social Survey Programme (ISSP)



European Social Survey (ESS)

Høye forventninger til offentlig velferd


Ole-Petter Øvrebo

Nordmenn har høyere forventninger til offentlige velferdsgoder enn andre europeere. Nesten ni av ti nordmenn tror at Norge om ti år vil ha råd til å opprettholde eller øke dagens nivå på de offentlige helsetjenestene. Åtte av ti nordmenn tror at Norge om ti år vil ha råd til å opprettholde eller øke dagens nivå på alderspensjonene.

Det viser tall fra fjerde runde av European Social Survey. Ser vi nærmere på folks holdninger til velferd, er det stor grad av optimisme blant innbyggerne i de nordiske landene. Opinionsen her står i sterk kontrast til velferdsforventningene i de mer folkerike landene i EU-området. Flertallet i Tyskland, Frankrike og Storbritannia tror ikke at deres respektive land vil ha råd til å opprettholde det nåværende nivået verken på alderspensjoner eller offentlige helsetjenester om ti år.

Forventning til offentlig velferd

Andel som forventer at deres eget land vil ha råd til å opprettholde eller øke nivået på offentlig tjenester ti år fram i tid.



Kilde: European Social Survey

